



Arkivsak-dok. 24/01191-1
Saksbehandlar Geir Janos Göncz

Saksgang	Møtedato	
Formannskapet	02.09.2024	PS-49/24

Saksframlegg

Kommunal planstrategi 2024-2027 - Utlekking til offentleg høyring

Kommunedirektøren si tilråding:

Aukra formannskap vedtek at forslag til kommunal planstrategi 2024-2027 vert lagt ut på offentleg høyring med frist 7. oktober 2024.

Bakgrunn

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova §10-1 og er obligatorisk for alle kommunar. Føremålet med planstrategien er å synleggjere kva for planoppgåver kommunen skal og kan prioritere, tilpassa utfordringar i dagens situasjon og framover.

Vurdering

Kommunal planstrategi er ein oversikt over planbehov og prioriteringar for inneverande kommunestyreperiode. Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan. Kommunal planstrategi er såleis ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som grunnlag for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden.

I førre planperiode er det gjennomført mykje planarbeid. Sjølv om ambisjonane var store og planoppgåvene mange så er planstrategi for førre kommunestyreperiode i det alt vesentlege gjennomført. Behovet for heilt nye planar/strategiar i komande planperiode er derfor lite.

Revisjon av kommuneplana er eit svært omfattande og ressurskrevjande arbeid. Det må kome klåre erfaringar og tilbakemeldingar om heile plana skal reviderast. Det er ikkje vurdert større samfunnsmessige utviklingstrekk eller utfordringar som vil krevje større samfunnsmessige eller arealmessige konsekvensar som ikkje er omfatta av gjeldande kommuneplan. Oppstart med revisjon av kommuneplana sin samfunnsdel og arealdel er lagt til sist i planperioden.

I førre planstrategi har det vore eit fokus på å følgje opp dei overordna måla i kommuneplana gjennom fag-/temaplaner. Det er utarbeid temaplaner for dei fleste av satsingsområda i kommuneplana; Barne- og ungdomsplan (2021), Omsorgsplan (2021), Klima- og miljøplan (2021), Strategisk Næringsplan (2023), Bustadpolitisk plan (2024). Fokuset dei neste åra vil vere å følgje alle temaplanane som er avledda av kommuneplana.

Administrative konsekvensar

Planlegginga skal vere behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig og skal vere tilpassa kommunen sine administrative ressursar.

Folkehelsekonsekvensar

Folkehelseloven § 5 seier mellom anna at kommunen skal ha ei skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga samt negative og positive faktorar som påverkar. Vidare seier folkehelselova at denne oversikta skal gå inn som grunnlag for arbeidet med planstrategi og at ein omtale av kommunen sine folkehelseutfordringar bør vere ein del av strategidokumentet.

Aukra kommunestyre vedtok kommunen sin folkehelseoversikt juni 2024.

Klima- og miljøkonsekvensar

Økonomiske konsekvensar

Økonomiske konsekvensar av vidare arbeide knytt til vedteken kommunal planstrategi, ventes dekt av områda sine driftsrammer. Blir arbeidet omfattande og dette ikkje blir mogeleg, vil ein kome tilbake forslag om endring av driftsrammene i seinare økonomiske saker.

Gerd Marit Langøy
Kommunedirektør

Særutskrift

Vedlegg

Kommunestatistikk 2024
Planstrategi 2024-2027